



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Johannes Anonby, 5764 3125

Utsending av "Bonden sin kulturmarksflora for Vestlandet"

Du som får denne boka får henne av di du er av dei som gjer ein viktig jobb med å ta vare på ein skjøtselskrevjande, truga naturtype, eller har gjort tiltak for å betre vilkåra for ville pollinerande insekt, eller om ikkje anna har synt interesse ved å søkje om tilskot til noko av dette i løpet av dei siste åra. Kanskje du til og med har fått boka før? I så fall kan du gje henne vidare til nokon annan som er interessert i dette.

Slåttemark, slåttemyr, lauveng, hagemark, naturbeitemark og kystlynghei har det til felles at dei er truga naturtypar som er viktige for mange artar, og at dei er avhengige av jamn skjøtsel basert på stadtilpassa kunnskap om metodar og tidlegare bruk. Skjøtsel er tidkrevjande og arbeidskrevjande, og då kan det vere ein god inspirasjon å leggje merke til mangfaldet av blomstrar som ein er med på å ta vare på. Nokre av dei har kanskje også kome som eit resultat av skjøtsel som du har teke opp att i nyare tid? Kanskje er du allereie ein ekspert på ulike blomstrar og kva krav dei har til livsmiljøet sitt? I så fall vonar vi at boka likevel kan vere til inspirasjon for andre som er med deg i arbeidet eller som kan få lyst til å vere med.

Både for truga naturtypar og ville pollinerande insekt er miljøvernstyresmaktene ivrige etter å sjå etter teikn på at innsatsen som vert gjort rundt om i landet «ber frukt» i form av eit rikare artsmangfald, der dei truga artane vonleg kan verte mindre truga. Klarer vi å snu den negative utviklinga for naturmangfaldet, i alle fall nokre stader? I regjeringa sin [Tiltaksplan for ville pollinerende insekter](#) går eit av tiltaka ut på «*Innhenting av artsfunn ved hjelp av engasjerte borgere*». [Artsobservasjoner.no](#) er i så måte ein viktig nettstad der du kan leggje inn funn med bilete. Ein treng ikkje vere sikker på arten, men kan føre på at artsbestemminga er usikker om ein er i tvil. Med «Bonden sin kulturmarksflora» vi du kanskje finne ut kva det er når sjeldsynte artar dukkar fram att på området ditt, eller kva for blomstrar ulike insekt vitjar.

For dei som skjøttar kystlynghei legg vi også ved eit hefte om lyngsving.

Statsforvaltaren har fleire øskjer med «Bonden sin kulturmarksflora for Vestlandet», så ta gjerne kontakt dersom de er ein dugnadsgjeng eller på annan måte er fleire om skjøtselsarbeidet, og det er



fleire som ønskjer å ha sitt eige eksemplar. Vi reknar med å fordele ein god del vidare til kommunane, slik at dei som ønskjer kan ta kontakt med eigen kommune.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Johannes Anonby
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi med eitt eksemplar til:

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Eidhfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS



Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN